

Referat frå møte i styringsgruppa FACT-team 07.09.2018

Til stades:

Olav Mongstad- Austrheim kommune, Helga Ellingsen- Masfjorden kommune, Ingebjørg Søreide- Gulen kommune, Ove Sæbø- Modalen kommune, Heinz Diehl – Fedje kommune, Anne Hildegunn Færøy- NUI, Grete Herøy –Radøy kommune, Helge Kvam- Meland kommune, Grethe Korsøen og Leni Dale- Lindås kommune, Bjarte Skrede – Helse Bergen

Forfall:

Fredrik Hiis- Berg, Helse Bergen

Sak 1/18: Mandat

Gjennomgang av utkast til mandat som vart sendt ut til styringsgruppa 31.08.18.

Mandatet vart godkjend med følgjande endringar:

Pkt.3.2 kulepunkt 2 vart supplert med « - jf. Lov om spesialisthelsetjenesten og Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.»

Pkt.3.2 kulepunkt 3 vart supplert med «og at brukarane i alle kommunar får eit likeverdig tilbod.»

Pkt.4.1 vart supplert med «1 repr. frå fagråd kommuneoverlegar»

Det er semje om at mandatet kan justerast på eit seinare tidspunkt dersom det viser seg å vera behov for det.

Sak 2/18: Fordeling av ressursar

Gjennomgang av utsend fordelingsnøkkel mellom kommunane. Denne vart godkjend. Det vert sendt refusjonskrav til kommunane frå Lindås kommune. Helse Bergen –DPS skal bidra inn i teamet med tilsette. Desse skal framleis ha sitt tilsettingsforhald i DPS.

Sak 3/18: Samarbeidsavtaler

I samband med søknad om prosjektmidlar vart det signert samarbeidsavtalar med alle partar. No ved oppstart av teamet vert det sendt ut nye samarbeidsavtalar mellom den enkelte kommune og Lindås kommune der finansiering er spesifisert.

Sak 4/18: Status søkjarar

Det vart lyst ut etter teamleiar, psykologspesialist og erfaringskonsulent i august. Grethe Korsøen informerte om at vi samla har mottatt 5 søknader. Desse vert avklara i forhold til eventuell tilsetjing eller ny utlysing av stillingane. Til stillinga som psykologspesialist var det ingen søkjarar.

Sak 5/18: Evt.

Bjarte Skrede informerte litt om erfaringar frå anna FACT-team i Bjørgvin DPS og ulike måtar eit team kan organiserast på. Dette må ein sjå nærare på i etableringa av prosjektet.

Grethe Korsøyen informerte om at vi har fått 3 plassar på nasjonal opplæringsprogram for FACT-team som startar opp i oktober.

Neste møte i styringsgruppa vert i samband med kommunalsjefsmøte i desember.

Vedlegg: Prosjektmandat versjon 1.0.

Referent
Leni Dale